

Merknadsskjema – Klager på vedtatt plan Fossesjøen

Plannavn	Fossesjøen gnr. 325 bnr. 161, 167 m.fl., Alver kommune
Arealplan-ID	20150004
Saksnummer	15/1644
Utarbeidd av	Ard arealplan as
Sist revidert	9.08.22

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Forslagsstillars kommentar
1	Private merknader: Arvid Vatnøy	<ol style="list-style-type: none"> Vatnøy skrivar om trygg skoleveg og korleis han ser for seg at borna vil gå til skulen. Vatnøy vil at det skal etablerast veglysl m.m 	<ol style="list-style-type: none"> Ikkje tatt til følgje. Dette med trygg skoleveg har vore diskutert i fleire rundar med kommunen. Side 25 omtaler forhold som vil verte opparbeid etterkvart som felte vert bygd ut. Planen legg opp til at borna skal gå på trygg veg mellom anna langs Rosslandsvegen. Statens vegvesen fremja i si tid motsegn knytt til tilhøvet. Motsegna vart trekt i mars 2021 da dei som faginstans meinte at trafikktryggleik var tilstrekkeleg løyst i planen. Rekkefølgekrav § 2.11 punkt 9 seier kva som skal vere etablert før ein får starte opp med å bygge ut feltet. Resultatet er at ingen born som buset seg i dette feltet når ein får starte opp utbygging vil gå på en skuleveg utan fortau eller gang/sykkeveg. Delvis tatt til følgje. Mange av ynskja frå Vatnøy er allereie omtalt og skal tilretteleggast for i samsvar med føresegnene. Sjå § 2.2. Etableringane er knytt til omtalte skuleveg.
2	Naturvernforbundet Hordaland datert 24.06.22	<ol style="list-style-type: none"> Klagar på manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald. Klagar på manglande vurderingar etter prinsippa i naturmangfoldsloven. 	<ol style="list-style-type: none"> Ikkje tatt til følgje. I eit planarbeid skal ein nytte opne tilgjengelege kjelder for å skaffe nødvendig kunnskap. Det ligg ikkje signal ut frå desse funna at det bør gjennomførast kartlegging av fagkyndige i tillegg. Oppstartsmøterefertatet frå 2015 stadfester dette. Det er mogleg at ein i dag hadde sett annleis på tilhøve ut frå dagens system. Men det var altså ikkje innstillinga då planarbeidet starta opp. Ikkje tatt til følgje. I planskildringa under punkt 9.9. er det gjennomført to sidar med vurdering. Vi har til gode frå andre plansaker rundt om i Noreg å få tilbakemelding på at desse ikkje er tilstrekkelege.
3	Grunneigarar og naboar Datert 27.06.22	<ol style="list-style-type: none"> Grunneigarar og naboar skrivar om trygg skoleveg og korleis dei ser for seg at borna vil gå til skulen. 	<ol style="list-style-type: none"> Sjå svar i merknad 1. svar 1 over.